



Staseleg syn i båthamna ikveld

På våre kantar er det helst Mathilde vi kjenner til som hardangerjakt, men også Johanne Karine har vore innom Uskedalen atskillige gonger. Det skjer til dømes frå ikveld til imorgon og jakta er eit praktfullt syn der ho ligg ved bylgjebrytaren. No har ho 10 niendeklassingar ombord og eit mannskap på 4. Turen går frå Haugesund til Rosendal og tilbake - det er ein tradisjonell rundtur



Elevar og mannskap under turen til Hardanger

Men kva er så historia til denne 'andre' hardangerjakta som er å sjå i våre farvatn? Også den er fascinerande. Dette siglende kulturklenodium er 58 fot og har et siglareal på 250 kvadratmeter.

Faktisk er ho truleg bygd i Hardanger så tidleg som i 1854 og hørte heime på Nordmøre til 1940. Då vart ho seld til Nord-Noreg og fekk montert motor. I 1944 vart ho seld til ein fiskeindustri i Stamsund og omdøpt til Kari Vagle. I 1978 vart ho seld til Oslo og vidare til Stiftelsen Haugesjøen i 1981. I Haugesund skjedde ein antikvarisk restaurering attende til jakteskute med jakterigg. Det vart også gjort mykje meir med skipet som har sertifikat for 36 personar og køyeplass for 12.

Ein utflukt med Johanne Karine er populær både blant firma og for andre grupper og foreiningar. I sommarsesongen satsast det mellom anna på timesturar frå kaia ved Rica Maritim Hotel.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen